

Årsmøtetale 2010

Leiar : Nils T. Bjørke

Innleiing

Årsmøte, utsendingar, landbruksminister, tilsette og gjester - hjarteleg velkomne til årets bondeting!

Eg måtte berre få lov å sei det eg òg, sjølv om me nok alle synes at ...*Martine*... gav oss ei sær fin velkomst og start på møtet.

Til alle dykk som var med i årsmøtet i fjor eller som eg har treft i løpet av året, vil eg få takke så mykje for sist! Noko av det kjekkaste med å vera bondelagsleiar er å få treffa så mange bønder rundt om i landet.

I Bodø var me prega av ei spent stemning. Stortingsvalet til hausten var hovudutfordring nr 1. Me visste alle at det fort kunne verta eit skjebneval, der mykje av vår politikk og våre verdiar som me har forhandla på plass gjennom generasjonar, kunne verta satt under sterkt press.

Det var derfor ei handlekraftig forsamling som hadde sett seg i stemne, og gjennom årsmøtet fekk me ei oppløftande tilbakemelding frå heile landet om alle dei tiltak og arrangement som var gjort for å få "*landbruk på dagsorden*" i valkampen . Det var knytt politiske band på alle nivå, og vårt positive budskap vart tatt vel i mot i dei fleste leirar. "**Kjærleik til norsk mat**" er eit slagord me kan være stolte av, og me fekk mange anerkjennande nikk når me stod fram som bønder og avslutta våre innlegg med "*Det er me som lagar maten din*".

Det var derfor med stort frimod årsmøtet utforma sine 10 krav til det komande Storting og den nye regjeringa. Eg skal ikkje lesa opp lista her, de finn ho att i årsmeldinga, men eg ynskjer å få melde tilbake til dykk - at denne lista - med desse 10 krava - har vore ei klar rettesnor for meg dette fyrste året som leiar, og eg skulle gjerne ha starta denne årsmøtetalen med å kvittere ut krav for krav heile lista ned. Det kan eg ikkje, så dykk vil nok oppleve at mange av krava heng med vidare. Me skal ha offensive mål, me skal strekke oss som organisasjon, då vil det vera slik at me ikkje oppnår alt i fyrste runde.

Den partipolitiske situasjonen

Me i Norges Bondelag var særst glade når dei siste røystane var talde natt til 15. september i fjor, og det var klart at det vart ei raudgrøn regjering. Men me er samstundes lei for at sentrum vart så svekka, sjølv om Senterpartiet held stand. Det må heller ikkje oppfattast slik at Norges Bondelag har ansvar for å halde ei vernande hand over Regjeringa. Regjeringa må levere! Ord og fagre løfter må bli til handling. Norske bønder må oppleve at det er tydeleg politisk **vilje og evne** - til å satse på norsk matproduksjon og at landbruket får moglegheiter til å kunne vidareutviklast i heile vårt langstrakte land.

For Norges Bondelag er det i dag ei utfordring at sentrum får redusert oppslutnad. Det er utfordrande fordi sentrums styrke er viktig for stabiliteten i vårt politiske system. Dersom sentrum ikkje lenger vert tunga på vektskåla i politikken, får me ei polarisering der veljarane anten trekker mot høgre eller venstre. Pendelutslaga mellom vala kan då bli større. For oss som er avhengig av at "den norske modellen" vert vidareført og styrka, så er dette særst uheldig. Me driv ein biologisk produksjon som krev store investeringar. Politisk stabilitet og langsiktigheit er ekstra viktig for vår næring.

Interessant nok har Frp gått mot sentrum og tatt veljarar både frå sentrum og venstresida. Frp har tatt over mange av veljarane som er opptekne av nasjonalstaten og verdiane knytt til denne.

Denne situasjonen er krevjande for eit samla landbruk. Og det gjer at me må auke innsatsen både mot høgre- og venstresida i politikken. Me må bli enno betre til å forklare landbrukspolitikken og dei fortrinn denne gjev. Og ikkje minst kva konsekvensane vil bli av å avvikle ordningar som er kjempa fram av generasjonar med bønder og samvirkefolk. Åra fram mot stortingsvalet i 2013 må brukast effektivt for å styrke oppslutnaden om landbruket .

Jordbruksforhandlingane

Årets jordbruksforhandlingar var dei fyrste som eg har hatt ansvar for. Det har vore ein spennande, lærerik, og ikkje minst krevjande prosess. Mest krevjande var vurderinga om ein skulle inngå ei avtale eller ikkje. Særleg fordi eg ikkje kan sjå at Regjeringa oppfyller sine eigne løfter som dei gav gjennom regjeringserklæringa i fjor haust. Mest motiverande har det vore å få synspunkt frå engasjerte medlemmar, og sjå den ”stå-på-vilja” som tillitsvalde og tilsette gjer i alle ledd i organisasjonen.

Sjølv om ramma er for låg, så har heller ikkje denne ramma kome av seg sjølv. Staten sitt tilbod på 750 mill. kroner var eit resultat av aktivt politisk arbeid på alle plan. Eg er viss om at mykje av æra for at Staten kom så pass bra ut frå hoppkanten, kan tilskrivast den innsatsen som de her i salen har lagt grunnlag for gjennom ein lang vinter og nokre ”heite” vårdagar.

På aksjonsdagen vår den 14. april, hadde me gode markeringar over heile landet og me fekk svært god pressedekning. Med blanding av skjemt og alvor klarte me å få fokus på at ”Norsk landbruk er meir enn berre låge prisar”. Eg trur det er heilt avgjerande at me klarer å løfte i flokk, og synleggjere at me er tilstades både i bygd og by. Det at me klarer å få jordbrukstingingane til å bli ei av dei aller viktigaste sakene regjeringa må handskast med, er ein bragd det står respekt av! Sjølv om me alle saman hadde sett at fruktene frå arbeidet hadde vorte større og saftigare, vil eg likevel retta ei stor og velfortent takk til oss alle for den innsatsen som vart lagd ned!!

Me i Bondelaget fortener alle ein god applaus!!!

Eg har nok av og til drøymt om at eg skulle å få stå her i dag; blid og nøgd og forkynt: ”Gratulerer med ei god jordbruksavtale! Det hadde vore så fortent for alle bønder som står på kvar dag for å produsera mat i verdensklasse, men dessverre så vart det med draumen.

I staden for tvila me i forhandlingsutvalet oss fram til at det var rett å inngå avtale.

Eit brot ville medført:

- 200 mill. kroner mindre til oss bønder
- Store omfordelingar og kutt i inntektsmoglegheitene for kornprodusentar og for svineprodusentar på Jæren og i Nord-Noreg
- Me ville fått mindre påplussingar til våre prioriterte område, som fraktordningar og investeringstilskot.
- Ingen styrking av tollvernet på drikkemjøl

Me meinte derfor at ein avtale ville være det beste for oss som bønder. For oppslutnaden om Bondelaget som organisasjon ville kanskje eit brot vore betre.

Prosenttoll

Styrka importvern på mjølk vart tunga på vektskåla for at me inngjekk avtale i år. Avtalen inneber at det frå nyttår vil verte prosenttoll på drikkemjølka i staden for ein kronetoll som ikkje lenger gav reelt vern mot import. Tollvernet vert no styrka radikalt, og det vil ikkje vere økonomisk interessant å starte import av drikkemjølk. Slik prisane på drikkemjølk har vore i utlandet, har det nemleg vært økonomiske gevinstar å hente ved å importere drikkemjølk. Import av drikkemjølk ville vore særskild dramatisk for norsk landbruk og bygde-Noreg. Sjølvve berebjelken for innteninga av mjølk ville fått eit kraftig skot for baugen.

Innføringa av prosenttoll på drikkemjølk er ein stor siger for organisasjonen Norges Bondelag. Det var ingen andre enn oss som sette dette på den politiske dagsorden. Utan vårt nitidige arbeid for noko som dei aller fleste såg som heilt umogleg å få til, hadde ikkje dette vorte ein realitet. Me har arbeid i motvind. Byråkratane har vore mot prosenttoll. Mange politikarar frå parti i alle regnbogens farger likeeins. I fjor uttrykte sentrale personar at å innføre prosenttoll på mjølkesektoren, var like fornuftig som ”å sende ein gjeng småungar opp i tørrhøyet på låven med fyrstikkar”. Ungane har inntatt låven, og eg konstaterer med glede at låven står der - meir solid enn før. Prosenttoll på drikkemjølk er ein realitet!

Omfordeling

Ei anna sak me har vore tydlege på i vinter har vore ”Nei til omfordeling”. Norges Bondelag aksepterar ikkje omfordeling mellom bønder som noko farbar strategi for å auke inntektene til prioriterte grupper eller produksjonar. Under årets forhandlingar fekk Norges Bondelag redusert det sterke kuttet i kornøkonomien som låg i Statens tilbod. Vårt representantskap gav marsjordre før forhandlingane starta om at dei grovfôrbaserte produksjonane skulle prioriterast. Det har me gjort. Gjennom forhandlingane var det likevel kornprodusentane me lyfta mest.

Gjennom forhandlingane klarte me å oppretthalde kornprisauken frå tidlegare oppgjer som var grunngeve av auka gjødselkostnadar. Gjødselprisen er nå nesten tilbake til tidligare prisnivå. Av prisauken på 33 øre pr kg førre år var hovuddelen, så mykje som ca. 25 øre pr kg, knytt til auka gjødselkostnadar. Me skal mange år tilbake for å finne ein tilsvarande auke i kornprisen. Korn- og kraftfôrpolitikken spelar ei sentral rolle i norsk landbruksproduksjon og lønnsenda i kornproduksjonen er avgjerande for at me skal kunne oppretthalda sjølvforsyningsgraden på mat i Noreg. Eg vil difor åtvare mot at ein svekkar kornøkonomien.

Frakt

Ei kraftig styrking fraktordningane er noko eg vart godt nøgd med å få på plass i år. Særleg for kjøt der 60 mill. kroner i auka innfrakttilskot vil føre til auka utbetalingspris for alle kjøtprodusentar. Frakttilskot er eit viktig landbrukspolitisk verkemiddel for å utjamne pris til produsent i ulike delar av landet. Frakttilskottet er også viktig for at markedsregulator skal kunne ivareta

mottaksplikta og samstundes operere i ein konkurranseutsett marknad. I sum er frakttilskottet særleg viktig for å sikre eit landbruk over heile landet.

Låg ramme

Noko eg minst nøgd med i årets oppgjer, er inntektsramma. Ei inntektsramme på 950 mill. kroner gjev grunnlag for ein inntektsvekst på om lag 11.500 kr/årsverk i 2011 når verdien av inntektsfrådraget er inkludert. Dette er over 3.000 kr mindre enn kva andre grupper i samfunnet er førespegla å få i inntektsvekst frå 2010 til 2011. Rett nok vert inntektsveksten marginalt høgare enn det andre grupper vil få når ein reknar frå 2009 til 2011. Så det er nok dette halmstrået Regjeringa brukar når dei viser til at regjeringserklæringa vert fylgt.

Eg vil understreke at skal ein oppretthalde eit levande og mangfaldig landbruk over heile landet, og sikra rekruttering, er næringa avhengig av å få ramevilkår med inntektsmoglegheiter som er konkurransedyktig i høve til andre yrker.

Me må jobbe knallhardt politisk for å få forståing for at inntekta i landbruket må løftast. Pr i dag kan eg berre konstatere at den forståinga ikkje er til stades i tiltrekkelige grad. Så kjære årsmøtedelegatar, her er det berre å krumme nakken å ta fatt på oppgåva nok ein gong! Gløym ikkje at me klarte å få prosenttollen, sjølv om det var umogleg i utgangspunktet.

Kylling og svin.

Eg har stor forståing for at einskildbønder vert frustrert når dei mister gode støtteordningar over natta. I år mista kyllingprodusentane i Trøndelag distriktstilskottet på 40 øre/kg, og er vel såleis dei som kanskje har kome dårlegast ut. Det er likevel eit viktig moment at både kraftfôrpris og

produsentpris i Trøndelag er om lag lik som i resten av landet, samstundes som kyllingproduksjonen veks meir i Trøndelag enn i landet elles. Dette er utfordrande i ein situasjon der me ikkje har marknadsbalanse.

På Jæren er det òg missnøye, særleg blant svineprodusentar som får eit ekstra kutt i produksjonstillegget. Me gjorde kva me kunne i forhandlingane for å redusere kuttet så mykje som mogleg, men Staten var fast bestemt på innføring av eigen sone for Jæren.

Overproduksjon og inntektsmuligheter

For tida er det meir enn nok vare av både lam og svin og ikkje minst tomat i marknaden. Det er oss sjølve som har ansvaret for overproduksjonen. Så det er me som får svi gjennom lågare prisar. For dei produkta som er omfatta av marknadsordningar, vert det høgare trekk i omsetningsavgifta. På mjølkesektoren har me eit kvotesystem som effektivt regulerer tilbodet av mjølk. Systemet har sine styrker og ulemper. Styrken er stabile prisar og ei effektiv styring av marknadstilførsla. Ulempa ligg i kostnaden ved å få lov til å få auke produksjonen på den einskilde gard. Eg er likevel overtydd om at mjølkebonden totalt sett kjem mykje betre ut med kvoteordninga enn utan.

For alle produksjonane, kanskje med unntak av sau/lam, er det marknaden som er viktigaste inntektskjelda. Dårleg marknadsbalanse vil gje store tap og svak økonomi. Gjennom marknadsordningane har marknadsregulator, det vil seie samvirket, eit ansvar for å balansere marknaden. Skal dette vere effektivt, er marknadsregulator avhengig av å ha stor førstehandsomsetning. For fleire produkt har ein ikkje marknadsordningar, som til dømes blant grøntkulturane og for fjørfekjøt. Samvirke tek her òg ansvar, men skal ein lukkast i reguleringa er det ein viktig føresetnad at leverandørandalen er stor, eller at andre aktørar følgjer same line som samvirke. Eg registrerer at så ikkje alltid er tilfelle. For til

dømes kylling, var det produsentane som leverer til Nortura som lojalt reduserte produksjonen med 7 % føregåande år. Dei som leverte til konkurrentane trong ikkje redusere produksjonen, sjølv om og dei hadde like stor nytte av at lagra av kylling vart tatt ned. I tomatbransjen, vel fleire å produsera utan kontraktar. Resultatet er at marknaden flyt over med tomatar og prisane vert rekordlåge. Eg trur tida er inne for å diskutera kva vi kan gjera for å samhandla betre som produsentar.

Ein moglegheit er at me dannar produsentsamanslutningar etter modell frå samarbeidet på grøntsida, men meir forpliktande. Slike produsent-samanslutningar kan gjerne ha sitt utspring i Norges Bondelag. Tanken er at desse produsentane blir samde om kor mykje den einskilde gruppering kan produsera i høve til etterspurnaden. Slik eg ser det vil dette fyrst og fremst kunne vere aktuelt for kylling og kalkun.

I protokollen for jordbruksforhandlingane i år går det fram at avtalepartane skal gå gjennom mottaksplikta for alle sektorar med marknadsregulering. Eg vil òg for desse produksjonane lyfte fram spørsmålet om vi kan gå eit steg vidare i å samhandla rundt planlegginga av produksjonen. Dette må skje innanfor ramma av mottaksplikta. Kan det være tenleg å differensiere prisen noko ut i frå om ein som produsent let marknadsregulator styre produksjonsvolumet opp og ned i høve til marknadsbalansen? Ei slik ordning må være frivillig, noko som inneber at prisdifferensieringa ikkje kan være større enn at det må være eit reelt økonomisk alternativ å ikkje delta i ordninga. Eg veit at dette ikkje er nye tankar og at det neppe finst enkle løysningar, men eg meiner vi kan ikkje la noko stå uprøvd. Eg ynskjer derfor velkommen til meir høgtenking på dette tema i organisasjonen vår.

Den norske modellen

Noreg er i dag relativt åleine om å ha ei nokolunde velfylt landbrukspolitisk verktøykasse. Me har motstått fleire tiår med internasjonal deregulering, truslar om EU-medlemskap og WTO-avtale.

Hovudavtalen av 1950 mellom staten og faglagane er framleis fundamentet for vår landbrukspolitiske diskusjon og prosess. Gjennom denne samhandlinga mellom stat og næring, får me og samfunnet ein svært effektiv bruk av ressursane fordi begge partar vert ansvarleggjort. Begge partar er tent med å sikre seg at dei får mest mogleg ut av kvar ei krone.

Når landbruket i tillegg tek ansvar for marknadsreguleringa gjennom samvirket, sparer me òg fellesskapet for store utfordringar knytt til lagerhald og byråkrati. Dette er eit område som til dømes EU-Kommisjonen har store utfordringar med. Den som har mest å henta på stabile prisar, tek kostnaden, både gjennom avgifter og ved at bøndene brukar sine økonomiske organisasjonar, samvirke, til marknadsreguleringa. Det gjev òg ei sterkt drivkraft til innovasjon, kvalitetsproduksjon og marknadsstilpassing på produkta, for å kunne halde prisen oppe.

Importvern tilpassa det innanlandske kostnadsnivået er ein vanleg politikk i heile den vestlege verda, og støtte til jordbruket vert praktisert i alle vestlige land.

Noreg har gjennom dette eit finstemt system av tiltak og verkemidlar i samspelet mellom stat og næring. Dette systemet har fungert godt i både opp- og nedgangstider i over fleire generasjonar. Vi har erfart det sjølv under ”klima-

finans- og matkrise” at matvareprisane har halde seg stabile innanlands, medan ein internasjonalt har hatt dramatiske prissvingingar.

I dag ser me likevel ei rekke svakheitsteikn, ikkje primært med reguleringane og systemet, men med viljen til å bruke verkemidlane effektivt. Næringa er underfinansiert slik at me ikkje får den naudsynte fornyinga av driftsapparatet i næringa. Me ser at våre familieeigde enkeltbruk som til no har produsert ei stadig aukande mengde råvarer til fallande prisar for samfunnet, ikkje lenger blir fornya i tilstrekkeleg grad. Etablering av driftseiningar som ikkje fylgjer eigedomen eller er tilpassa arealressursane, inneber at vi mister areal både i gras- og kornproduksjon. Bruken av kulturbeite og seterdrift vil falle vidare og ”mindre teigar” vil bli fasa ut etter kvart som driftseiningane vert konsentrert om dei beste og mest lett drivne områda. Den norske modellen vil vanskeleg kunne overleve dersom ikkje me no tek eit krafttak for å fornye driftsapparatet på einskildbruka i heile landet.

Dette er heilt vesentlege moment å ta opp i den kommande landbruksmeldinga.

Landbruksmeldinga

Eg vil gjerne sei litt om landbruksmeldinga, for det er eit viktig arbeid Regjeringa har sett i gang. Dette arbeidet skal stake ut kursen for norsk landbruk, matindustri og distrikta dei neste ti-åra i alle fall.

Den førre landbruksmeldinga ”Stortingsmelding nr 19” vart vedtatt våren 2000. Me meinte den gong at meldinga skulle ha vore meir forpliktande. Som de alle veit har det vore skiftande regjeringar som har funne rom for å føre sin landbrukspolitikk innanfor meldinga. Det illustrerar den politiske fleksibiliteten

meldinga har hatt, men det syner og kor viktig det er at ei slik melding teiknar opp ein tydelegare kurs.

Eg vil ikkje no bruke tid på å klaga over utviklinga i norsk landbruk under Stortingsmelding nr 19 (1999-2000), men meiner eg har eit ansvar for å påpeike nokre uheldige trendar som me må ta eit oppgjær med innanfor den nye meldinga.

I perioden 2000 til 2009 har alt for mykje jordbruksareal gått ut av produksjon kvart år. I same periode har det vært ein reduksjon i tal jordbruksføretak på 30 prosent, dvs ca 20 000 føretak.

Gjelda i jordbruket har auka dei siste åra og gjeldsprosenten i landbruket er no knappe 50% . Mykje av denne gjelda vert finansiert med inntekt utanfor gardsdrifta. I tillegg har omfanget av leasing auka.

For perioden sett under eitt, har inntektsgapet mellom bonden og andre grupper i samfunnet auka til tross at me i den raud-grøne perioden har helde tritt med andre grupper. Til trass for dette produserer bonden meir mat enn for 10 år sidan, og sjølvforsyningsgraden er tilnærma den same.

I et internasjonalt perspektiv er situasjonen enno meir krevjande. Knapt i noko land tener den utøvande bonden pengar til å halde vedlike gard og produksjonsapparat. I følgje FN er det meir enn ein milliard menneskje som svelt. I tillegg står me overfor store klimautfordringar som kan gjere det enno meir krevjande å auke matproduksjon framover. Prognosane syner at verdas matvareproduksjon må auke med 70 % innan 2050 for at vi skal klare å brødfø oss alle.

Skal me klare å auke matproduksjon i eit slikt omfang er det heilt naudsynt at alle land hjelper til. I dag kan det synast som om det er brei politisk semje om at klimautfordringane er globale og at alle land må gjere sitt for å hjelpe til. Medan matkrisa og utfordringane med å auke matproduksjonen, kan me overlate til andre nasjonar. Det kan ikkje være rett! Alle land må ta sitt ansvar, og då må me byrje med oss sjølve!

Det er med dette som bakteppe, eg meiner kursen for norsk landbruk skal stakast ut. Ein ny Stortingsmelding om landbruks- og matpolitikk må derfor ha klare og tydelege mål som set oss i stand til å løyse desse utfordringane.

Eg vil særleg trekke fram følgjande element som må være med i ein ny framtidretta landbrukspolitikk:

1. Norsk matproduksjon må aukast minst i takt med folketalet basert på norske ressursar.
2. ”Den norske modellen” må styrkast for å sikre eit variert landbruk over heile landet, og gje framtidstru for den sjølveigande bonde. Dette må skje ved at:
 - Bonden må få inntekt og velferd som sikrar rekruttering
 - Ein vesentleg styrking av investeringsverkemiddel
3. Norsk landbruk må bli netto energileverandør og gjerast uavhengig av fossil energi innan 2030.

Å møte framtidens utfordringar på ein offensiv måte, vil kreve mot og vilje frå regjeringa si side til å setja konkrete mål for mat- og landbrukspolitikken dei neste 10-15 åra. Landbruket treng ikkje fleire fagre ord, men handling.

Den internasjonale situasjon

Frå tid til anna trur eg me skal ta oss tid til å setja oss inn det store bildet, og sjå korleis våre tidlegare standpunkt og vurderingar står seg. Eg har reflektert litt omkring korleis norsk landbruk har kome ut av ulike internasjonale spørsmål og debattar dei siste åra. Min konklusjon vart kort og klår; våre standpunkt har stått seg svært godt, og norsk landbruk står fram som vinnar i ei rekkje internasjonale diskusjonar.

Utviklinga i EU har vist at vårt nei var eit ja til noko betre. Folkestyre, kontroll med norske naturressursar og ikkje minst sikring av det norske oljefondet!

EU er vorte for stort og dei omfattar for mykje. Felles mynteining var ein draum for mange, men no rir euroen over Europa som ei mare. Felles rente og valuta for land med heilt ulik økonomisk utvikling, og ulik konjunktur, er eit gigantisk eksperiment. Aldri før har ein hatt felles valuta utan å ha same finanspolitikk. Eit slikt eksperiment er politisk uforsvarleg. EU er òg overbelasta gjennom utvidinga mot Sør og Aust.

På mange måtar må me sei oss lei for den utviklinga EU no går gjennom. Me har riktig nok slått EU i open kamp to gonger, men eg hadde ikkje venta at det skulle ende slik, i alle fall ikkje så fort. Men det understrekar at vår analyse var rett. EU-motstanden er no rekordstor. Likevel veit me at ja-sida er klar til omkamp om dei finn det rette høve. Difor er det viktig å oppretthalda Nei til EU som ein slagkraftig organisasjon.

Når det gjeld spørsmålet om frihandel, har me òg fått tydeliggjort ei rekkje svakheiter i det internasjonale systemet. Fri flyt av kapital, varer, teknologi og arbeidskraft har ikkje levert stabil velstand. Tvert om har det gjort Europa svakare og meir gjeldstynga. Gjelda held mange land i Sør nede, medan

multinasjonale selskap og Aust-Asia tener store pengar. Forskjellane i velferdsnivå mellom menneska har auka.

Me i landbruket har aldri hatt tru på at fri flyt ville gje ei betre samfunn, anten det gjeld for bønder i Nord eller Sør eller andre utsette grupper. WTO er på vent, det er usikkert om det blir nokon WTO-avtale etter Doha-mandatet. Norges Bondelag kravde allereie i januar 2008 om ein revisjon av WTO-mandatet for å kunne reflektere endringane sidan dagens mandat vart vedtatt i november 2001 i Doha. I både EU og WTO-saka har vi kjempa ein overordna kamp mot deregulering og frihandel. Vi har stått saman, gitt pengar, brukt tid, skulert organisasjonen og tatt politiske kampar. Gjennom arbeidet med ”Rett til eigen matproduksjon”, innlegg og debatter og i opposisjon mot dårlege WTO-framlegg har Norges Bondelag utfordra frihandelsmodellen.

Me har etter kvart fått gode nettverk mot Bondelag på alle kontinent som det er viktig å oppretthalde i vår kamp for ”Alle lands rett til eigen matproduksjon”. Det er òg ein stor styrke for Bondelaget at vår 1. nestleiar Berit Hundåla er på veg inn i styret i IFAP –Det internasjonale bondelaget.

Internasjonal økonomi kjem til å bli det overskyggande politiske tema i tida framover. Den vestlige verda går mot tøffe økonomiske tider. Verda treng no meir og ikkje mindre regulering. Den treng meir fordeling og mindre skilnad mellom folk. Den trenger meir produksjon og mindre forbruk. Noreg treng å halda landet i hevd og byggja ut vår produksjonsstruktur.

Det er gode argument for framtida til landbruket, sjølv om vårt land òg lyt være budd på å møte tronge tider. Men me veit at for eit land, så er ikkje sparing å setje pengane i utlandske statspapir og aksjar. Nei, sparing er å investere i produksjonsapparatet nasjonalt. Der spelar landbruket ein nøkkelrolle.

Vår utfordring ligg no i å nytte den økonomiske situasjonen til å forklare heile det politiske miljø kva for moglegheiter som ligg i landbruket og verdien av at det no kjem ei skikkeleg satsing slik at me kan fornye vårt driftsapparat. Ikkje minst bør det være mogleg å fortelje at satsinga på eit system med stadig auka gjeldsnivå og større einingar, som likevel ikkje tener meir, ikkje er bærekraftig. Eit dansk landbruk med 350 mrd Dkk i gjeld, vil dersom det vert misleghalde true heile økonomien i Danmark. Det er dessverre eit godt døme på at denne type stordriftstankegang ikkje er vegen å gå for oss.

Eg trur òg det er viktig at me samarbeider breidt i arbeidet for å få fram desse synspunkta. Me har alliansar som har styrka oss i handelspolitikken og spørsmåla om WTO. Særleg gjennom Handelskampanjen har me samarbeida med ei rekkje solidaritets- og hjelpeorganisasjonar, ikkje minst Utviklingsfondet, For Velferdsstaten og Natur og Ungdom. Eg trur me bør byggje vidare på nettverka våre og strekkja oss mot andre miljø som kan være med å løfte oss og landbruket vidare fram. Samarbeidet med fagrørsla vil sjølvsagt stå sentralt.

Island

Våre vener og frendar på Island vart nyleg råka av eit vulkanutbrot. Dette kom i tillegg til dei økonomiske utfordringane landet allereie har. Me føler med våre islandske kollegaer i dei vanskane dei no står overfor. Norges Bondelag tok derfor eit initiativ overfor samvirke, Landkreditt, Yara og Gjensidige for å opprette ein innsamlingsaksjon for islandske bønder. Me er glade for den positive mottakinga dette initiativet fekk og at kvar av desse verksemdene har gitt 50.000 kr til aksjonen. Dei gode relasjonane det er mellom Island og Noreg er det viktig for norsk landbruk å ta vare på. Det var bønder som bygde Island i si tid og framleis er landbruket ein viktig del av deira identiteten. Me har stått

saman med det islandske bondelaget i mange internasjonale saker, ikkje minst i GATT og WTO. No er EU diskusjonen blitt ein utfordring som islandske bønder må møte. Norges Bondelag har mykje erfaring på dette området og me vonar at me kan være til både støtte og hjelp for det Islandske bondelaget i deira EU-kamp.

Makttilhøva i matvarekjeda.

Me er glade for at Statsråden har sett ned eit utval som skal sjå på makttilhøva i matvarekjeda. Den norske daglegvaremarknaden er sterkt konsentrert. Me har fire landsdekkjande kjeder som står for 99,3 prosent av omsetninga. Kjedene er òg dei største leverandørane til storhushaldningsmarknaden.

Målet for utvalet er å sikre ein rimeleg fordeling av innteninga. Det er òg vårt mål i arbeidet opp mot ”matkjedeutvalet”. Vi må sikre oss at våre varer ikkje blir diskriminert i handelen og at det vert lagt til rette for alternative omsetningskanalar. Her vil landbruket kunne spele ei nøkkelrolle, og eg er derfor glad for at vår tidlegare nestleiar Eli Reistad er med i utvalet. Tiltak mot ”rundsum-betalinga” til kjedekontora, vertikal integrering og kjedene sin kryssprissubsidiering til fordel for eigne merkevarer samt fjerning av etableringshinder, vil være sentrale tema i dette arbeidet.

Rovviltforvaltning

Mange stader vert ikkje beiteressursane i utmarka lenger utnytta og hjorteviltbestandane er redusert på grunn av feilslått rovviltpolitikk. Beiting i utmarka er ein miljøvennleg form for verdiskaping som òg er viktig for å oppretthalde det biologiske mangfaldet. Utnytting av grasressursane vil som eg

har nemnt tidligare, være viktig også for å kunne oppretthalde sjølforsyningsgraden i Noreg. I regjeringsplattforma, er det mange gode tiltak som vil kunne redusere konflikten mellom rovvilt og beitenæringa. Problemet er at desse tiltaka ikkje vert fylgt opp av forvaltningsapparatet.

Det står til dømes i Regjeringserklæringa at det skal være låg terskel for å ta ut hannbjørner som har gjort skade eller som representerer eit skadepotensial, men rovviltmyndigheitene nektar likevel å gje fellingsløyve på hannbjørner på vårsnø.

Regjeringa skal i løpet av hausten lage ein ny stortingsmelding om bestandsmål for bjørn og ulv. Norges Bondelag vil følgje dette arbeidet tett.

Næringsutvikling

Innanfor næringsutvikling har eg i år vald å fokusere på Inn På Tunet (IPT) innanfor området næringsutvikling.

IPT er eit av Bondelaget sine prioriterte satsingsområde innan landbruksbasert næringsutvikling. IPT-produsentar skal oppleve at Norges Bondelag er ein organisasjon som også i varetek deira interesser. For å sikre fokus på denne næringa i vår organisasjon, har Norges Bondelag etablert eit eige IPT-utval.

I førre uke lanserte Norges Bondelag eit rykande ferskt kvalitetssikringssystem for IPT. Eit slikt verktøy har lenge vore etterspurd av både tilbydar og kjøpar. Systemet som no er utvikla byggjer på KSL og skal no overtas og driftast av KSL-matmerk. Til hausten vil alle - ca 800 - IPT produsentar i Noreg få tilbod om opplæring i bruk av systemet. Dette skjer gjennom Landbrukets HMS.

IPT har eit stort potensiale i åra som kjem og langt fleire bønder kan ta del i dette. Me som organisasjon skal i tett samarbeid med myndigheiter og kjøparar, gjere vår del av jobben for at denne næringa vert utvikla på ein god måte.

HMS

Norges Bondelag arbeider for at garden skal være ein sikker arbeidsplass og ein trygg stad å bu. Det er derfor gledeleg å registrere at nær 7000 bønder no har gjennomført HMS-kurs. Kurset gir praktisk kunnskap – som er nyttig i kvardagen.

I jordbruksforhandlingane 2009 vart det vedtatt å gjennomgå organiseringa og arbeidsformene knytt til arbeidsmiljø og HMS i landbruket. Arbeidsgruppa legg ”0-visjonen” til grunn og peikar på at det er naudsynt å forbetre arbeidet med å redusere talet på ulukker i landbruket. Det vert vist til at dette er eit individuelt ansvar på den einskilde gard, men det er òg eit kollektivt ansvar for næringa og aktørane rundt bonden.

Arbeidsgruppa gjer framlegg om eit utvida samarbeid og enno meir målretta innsats frå ”alle aktørar”, dvs myndigheiter, Landbrukets HMS-teneste og andre rådgjevarar, varemottakarar og KSL Matmerk. Målet er å redusera omfanget av skader, ulukker og yrkeslidingar i landbruket.

Den nye forsikringsavtalen med Gjensidige legg òg stor vekt på førebyggjande HMS arbeid, og kurs og medlemskap gjev ekstra rabatt.

Organisasjon og kommunikasjon

Norges Bondelag har i juni 2010 **61 790 medlemmar**, det er 344 fleire enn på same tid i fjor. Me har dermed hatt ein netto tilvekst på 4240 medlemmer frå

2003 til 2009. No ser me likevel at veksten flatar ut, så me må derfor ta i bruk nye metodar for å sikre at medlemsveksten held fram. Til hausten utfordrar me oss sjølve – alle tillitsvalte vil bli spurd om å ta eit ekstra tak med verving i oktober og november.

Mange medlemmer er bra, men godt lokallagsarbeid er grunnmuren i organisasjonen vår. Me får signal om at ein god del lokallag slit med å få nye tillitsvalte. Frå undersøkingar ser me at det er mest heiltidsbønder som tar på seg verv, og det er færre ”nye” grupper som er aktive i det lokale arbeidet. Dugnadsånda – der alle bønder gjer ein jobb for fellesskapet gjennom organisasjonsarbeid må dyrkast fram, for den er ein føresetnad for å få Bondelaget til å fungere.

Me ser òg at det politiske arbeidet i lokallaga aukar. Det er bra, for med meir lokal forvaltning er det heilt naudsynt. Men for mange er dette ei stor utfordring, både å finne tid og kapasitet, og å ha kompetanse. Kurstilbod i lokal forvaltning er på plass og prøvd ut. Det trur eg er rett veg å gå, òg på andre områder. Saman med fylka, må me satsa meir på å kunne gje tilbod om opplæring til lokallaga – og andre tillitsvalte.

Det er ikkje nok for Bondelaget å gjere ein jobb, det må også kommuniserast ut kva som vert gjort. Eg er nøgd med den jobben som vert gjort på dette feltet, men ser samstundes rom for forbetringar. Me er godt synlege i lokalpressa. Internettsidene våre har eit stort tal treff. Under jordbruksforhandlingane vart statistikken toppa. Aksjonsdagen 14. april gav ei utteljing i media som var langt ut over det ein på førehand kunne forventa.

Organisasjonen i politisk arbeid

Eg vil retta ein stor takk til mange i både fylkes- og lokallag for godt politisk arbeid – både før valet og gjennom vinteren. Politikarkontakt på fleire nivå, med samordna bodskap er helt nødvendig for å oppnå resultat i jordbruksforhandlingane og i andre politiske saker. Ekstra viktig var arbeidet med aksjonsberedskap før og under forhandlingane. Det gjev tryggleik i forhandlingsutvalet å vita at organisasjonen er klar, og det var godt å registrere at motparten i jordbruksforhandlingane også merka presset. Ja eg vil sei at trykket ute er avgjerande for det arbeidet me skal gjera under forhandlingane.

Her har vi nok meir å hente, då tenkjer jeg på eit par grep:

- eg trur vi kan vera tidlegare ute med å plukke ut hovudsaker som køyrest systematisk i alle ledd
- Vi kan verta betre på systematisk arbeidsdeling mellom lokallag, fylkes- og sentralledd.

Den demokratiske prosessen med høyring før forhandlingane skal vi ha respekt for, og eg meiner vi kan ivareta den godt, sjølv om vi vel ut nokon hovudsaker alt tidleg på hausten.

Vi har gode erfaringar med mykje av de politiske arbeidet i Bondelaget, og vi følgjer ein kjent systematikk. Men det er alltid trong for fornying. Styret vil derfor ta ein nærmare gjennomgang på korleis vi brukar organisasjonen til politisk arbeid. Ein kan blant anna sjå på intern tidsbruk, opplæring i organisasjonsarbeid og politikk, arbeidsdeling mellom organisasjonsledda, strategisk analyse og val av tiltak og arbeidsmåtar, samt mediastrategi.

Vi får koma tilbake til korleis vi organiserar gjennomgangen, men eit utval med kort frist, og diskusjon på leiarkonferansen til hausten kan vera aktuelt.

Avslutning

Til slutt vil eg takke kvar og ein for den innsatsen som er lagt ned for Bondelaget det siste året. Me har mange tillitsvalde og tilsette som gjer ein imponerende innsats for bondelaget. Eg trivst godt i arbeidet og har godt samarbeid og god støtte i styret og sekretariat. Bondelaget er ein høgt respektert organisasjon, men eg ser og at vi har eit potensiale for å arbeida endå meir målretta og effektivt. Om det er slik dykk vil, så gler eg meg til å ta fatt på eit nytt arbeidsår for Bondelaget.

Eg ynskjer oss alle eit godt årsmøte!

Takk for merksemda!